



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 31.01.2019
Vår ref.: 2019/986-1
Saksbehandlar: oysmons
Dykkar ref.:

Dokumentasjon i saker som skal sendast til fylkeskommunen

Til kommunane i Hordaland

Hordaland fylkeskommune får jamleg tilsendt saker til handsaming frå kommunane som er mangelfullt dokumentert. For at ei sak skal kunne handsamast raskt og effektivt, må den vere tilstrekkeleg opplyst, slik at fylkeskommunen kan handsame saka utan å be om meir informasjon. Dette gjev raskare sakshandsamingstid og mindre ekstraarbeid for alle partar.

Det er kommunen sitt ansvar å syte for at teikningsmateriale er fagmessig utført og at relevant informasjon er lagt inn i saka. Kommunen har òg eit sjølvstendig ansvar for å vurdere kulturminneverdiane i kvar enkelt sak, jf nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteke i kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Dei fleste kommunane har ein kulturminneplan som vil kunne vere til god hjelp i dette arbeidet.

Mangelfull dokumentasjon ser vi særleg i saker der det vert søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19. Ved nokre høve vert det òg søkt særskilt om dispensasjon frå plankrav i forkant av søknad om tiltak, gjerne i dei tilfelle der tiltakshavar ikkje ynskjer å legge ned arbeid i prosjektering og utfylling av søknad før det er avklart om ein vil kunne få dispensasjon.

I mange tilfelle er tilsendte teikningar ikkje fagmessig utført, eller dei manglar informasjon, til dømes:

- Opplysningar i tekstfelt manglar (type teikning, teikningsnummer, gnr./bnr., målestokk, dato, namn og adresse på prosjekterande)
- Målsetting, kotehøgder, takvinkel, snittmarkør, nordpil
- Eksisterande og endra terrengliner på snitt er ikkje vist
- Teikningar der ein kan samanlikne situasjon før/etter manglar
- Teikningar er ikkje i korrekt målestokk ved utskrift

Det er ein fordel at bygge- og dispensasjonssøknader er komplette, slik at vi gjere ei så god vurderinga av saka som mogleg. Der tiltaket inngår som ein del av eit bygningsmiljø, er det viktig at nære omgjevnader vert vist på teikningane. Historiske foto og foto av eksisterande situasjon er ofte til god hjelp i vurderinga.

På nettsidene til Hordaland fylkeskommune finst utførleg dokumentasjon på kva saker som skal sendast fylkeskommunen, og korleis desse skal dokumenterast:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/kulturminnesaker-som-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Informasjon om handsaming av saker med SEFRAK-registrerte bygningar finn de hos Riksantikvaren:
<https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/SEFRAK-registeret>

Har de spørsmål eller kommentarar til dette, er de velkomne til å ta kontakt med sakshandsamar.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Øystein Monsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.